



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 18.09.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 11:45 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Kariann Ekren	H	Medlem
Arne Hindenes	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem
Silje Vågseth Kjetland	Sp	Medlem
Jostein Kvamme Duesund	UR	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
Frode Langhelle	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Bjarte Dyrkolbotn	H	Bjarte Andvik
Astrid Daae	H	Erlend Kvamsdal
John Torsvik	H	Atle Nordland
Helga Nyhavn Matre	H	Frode Langhelle

Helge Haukeland	Ap (til sak 048/2023)	varamedlem
Helge Andvik	KrF (til sak 048/2023)	varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen som førte møteboka og ass.rådmann Sveinung Toft.

Sakliste

Saknr	Tittel
042/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
043/2023	Godkjenning av møtebok
002/2023	Orientering frå rådmann
044/2023	Kraftmelding pr. 30.06.2023
045/2023	Finansrapportering pr. 2.tertial / 31.8.2023
046/2023	Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2022-2023
047/2023	Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027
048/2023	Tiltak for å rekruttere og halde på personell i pleie- og omsorgstenesta
049/2023	Sentrumutvikling Sandnes
050/2023	Sal av bustadtomter i Ytre Haugsdal bustadfelt
051/2023	Etiske retningsliner, rullering og oppdatering
052/2023	Rutine for varsling
053/2023	Utarbeiding av frivilligstrategi i Masfjorden kommune
054/2023	Referatsak

042/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Det vart sett fram forslag om Wenche Daa (Sp) og Ragnvald Tangedal (Ap) til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - 042/2023 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

043/2023: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 043/2023 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

002/2023: Orientering frå rådmann

Rådmannen sitt framlegg:

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

- Status trekk i rammetilskot grunna konsesjonskraft i 2023
- Konsesjonskraft 2023 (og 2024)
- Førebels status økonomi pr. 2.tertial 23
- Folkevaltopplæring

KS - 002/2023 VEDTAK:

Orienteringssakene vart tekne til orientering.

044/2023: Kraftmelding pr. 30.06.2023

Rådmannen sitt framlegg:

Kraftmelding pr. 30.juni 23 vert teken til vitring.

28.08.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 062/2023 VEDTAK:

Kraftmelding pr. 30.juni 23 vert teken til vitring.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 044/2023 VEDTAK:

Kraftmelding pr. 30.juni 23 vert teken til vitring.

045/2023: Finansrapportering pr. 2.tertial / 31.8.2023

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapport pr. 2.tertial/31.august 2023 vert teken til vitring.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 045/2023 VEDTAK:

Finansrapport pr. 2.tertial/31.august 2023 vert teken til vitring.

046/2023: Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2022-2023

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 048/2023 VEDTAK:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Kommunestyret samla seg om å utsette saka til neste møte for å få ein grundigare gjennomgang av kvalitetsmeldinga i lys av diskusjonen i møtet.

KS - 034/2023 VEDTAK:

Saka vert utsett til neste kommunestyremøte for å få ein grundigare gjennomgang av kvalitetsmeldinga i lys av diskusjonen i møtet

13.06.2023 UNGDOMSRÅDET

Torill orienterte om saka.

Ungdomsrådet tok saka til orientering.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

UNG - 010/2023 VEDTAK:

Ungdomsrådet tok saka til orientering.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 046/2023 VEDTAK:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering

047/2023: Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027

Rådmannen sitt framlegg:

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Ap kom med framlegg til tilleggspunkt i saka:

Koordinering av rullering kompetansehevingsplan bør sjåast i samband med rullering av lønspolitisk plan og personalreglementet.

Framlegg til vedtak med tillegg frå Ap vart samrøystes vedteke.

KS - 047/2023 VEDTAK:

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.

Koordinering av rullering kompetansehevingsplan bør sjåast i samband med rullering av lønspolitisk plan og personalreglementet.

048/2023: Tiltak for å rekruttere og halde på personell i pleie- og omsorgstenesta

Rådmannen sitt framlegg:

1. Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen og i heimetenesta slik:
 - Sjukepleiar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 30.000,-.
 - Helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 20.000,-Årleg kostnad: kr. 1.370.000,-
2. Alle tilsette i turnus får lokalt helgetillegg på kr. 50,- pr. time.
Årleg kostnad: kr. 1.850.000,-
3. Det vert innført betalt lunch for alle tilsette i pleie- og omsorgstenesta.
Årleg kostnad: kr. 1.130.000,-

11.09.2023 ADMINISTRASJONSUTVALET

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) spurte om ho var ugild i saka sidan ho er ansatt i kommunen som sjukepleiar. Det vart samrøystes (6 røyster) vedteke at Kratzmeier var ugild og ho forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Britt Inger Myhr (arb.repr) sette fram følgjande endringsforslag i pkt 1:

Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen, heimetenesta og MBA slik:

- sjukepleiarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100 % stilling på kr 20 000
- helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100 % stilling på kr 20 000

Torill Torvik Størkersen sette fram følgjande framlegg til tillegg til vedtak:

I økonomiplansamheng skal det leggst fram kva kostnader det vil vere for at pleieassistentar fordelt i heimestenesta, sjukeheim og MBA kan få eit lokalt tillegg på inntil kr 10 000 for 100 % stilling fom 01.01.24

Ørjan Valestrand (arb.repr) sette fram følgjande endringsforslag for pkt 3:

Det vert innført betalt lunsj i pleie- og omsorg og barnehagane

Rådmannen sa at iversettingsdato for pkt 3 var 01.01.24

Røysting:

Det vart først røysta over pkt 1 der framlegg frå rådmannen og framlegg til arb.repr vart sett opp mot kvarandre. Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke med 3 røyster (H og Sp).

Det vart så røysta over pkt 2 som vart samrøystes (6 røyster) vedteke

Det var så røysta over arb.repr sitt framlegg til pkt 3 inkludert iverksettingsdato 01.01.24 sett fram av rådmannen. Pkt 3 frå arb.repr inkludert iverksettingsdato 01.01.24 vart samrøystes (6 røyster) vedteke.

Det vart så røysta over nytt pkt 4 sett fram av Ap. Framlegg til nytt pkt 4 sett fram av Ap vart samrøystes (6 røyster) vedteke,

Det vart tilslutt røysta over heile framlegg til vedtak samla.

Samla framlegg til vedtak vart samrøystes (6 røyster) tilrådd til formannskapet.

AU - 022/2023 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen og i heimetenesta slik:
 - Sjukepleiar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 30.000,-.
 - Helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 20.000,-

Årleg kostnad: kr. 1.370.000,-

2. Alle tilsette i turnus får lokalt helgetillegg på kr. 50,- pr. time.

Årleg kostnad: kr. 1.850.000,-

3. Det vert innført betalt lunch for alle tilsette i pleie- og omsorgstenesta og barnehagane.
Iversettingsdato vert 01.01.24
Årleg kostnad: kr. 1.130.000,-

4. I økonomiplansamanheng skal det leggst fram kva kostnader det vil vere for at pleieassistentar fordelt i heimetenesta, sjukeheim og MBA kan få eit lokalt tillegg på inntil kr 10 000 for 100 % stilling fom 01.01.24

11.09.2023 FORMANNSKAPET

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) spurte om ho var ugild i saka sidan ho er ansatt i kommunen som sjukepleiar. Det vart samrøystes (4 røyster) vedteke at Kratzmeier var ugild og ho forlot møtet.

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - 071/2023 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen og i heimetenesta slik:
 - Sjukepleiar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 30.000,-.
 - Helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 20.000,-

Årleg kostnad: kr. 1.370.000,-

2. Alle tilsette i turnus får lokalt helgetillegg på kr. 50,- pr. time.

Årleg kostnad: kr. 1.850.000,-

3. Det vert innført betalt lunch for alle tilsette i pleie- og omsorgstenesta og barnehagane.
Iversettingsdato vert 01.01.24
Årleg kostnad: kr. 1.130.000,-

4. I økonomiplansamanheng skal det leggst fram kva kostnader det vil vere for at pleieassistentar fordelt i heimetenesta, sjukeheim og MBA kan få eit lokalt tillegg på inntil kr 10 000 for 100 % stilling fom 01.01.24

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Habiliteten til representantane Siri Tangedal Kratzmeier (KrF), Hildegunn Bjånes (Ap), Britt Inger Myhr (Ap) og Jostein Kvamme Duesund (Uavh) vart vurdert. Kratzmeier og Myhr vart stemt inhabile og forlot møtet. Vararepresentantane Helge Haukeland (Ap) og Helge Andvik (KrF) tok plass i møtet.

Saka vart drøfta før det vart sær møte / gruppeleiar møte.

Fellesframlegg frå H, Ap, Sp, KrF og Duesund:

- Kommunestyret opprettheld formannskapsvedtaket med bestilling til rådmannen om å få fram kva kostnader det vil vere for å innlemme assistentar (kr 10 000,- for 100 % stilling) og MBA i tiltaket.
- Det bør vurderast ny arbeidstidsordning (TØRN) også på sjukeheimen og i heimetenesta.
- Tiltaket skal tre i kraft fom 1.okt 2023
- Effekt av tiltaket skal evaluerast innan 30.april 2024
- Tiltaket skal tilpassast tariffoppgjeret til våren og innrullerast i eventuelle statlege overføringar innan pleie- og omsorgssektoren

Justert framlegg til vedtak / fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 048/2023 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen og i heimetenesta slik:**
 - Sjukepleiar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 30.000,-.
 - Helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 20.000,-

Årleg kostnad: kr. 1.370.000,- Tiltaket skal tre i kraft frå og med 1.okt 2023, og i første omgang fram til 30.04.24, og innan den datoen skal tiltaket vere ferdig evaluert i forhold til effekt, og tilpassast tariffoppgjeret til våren og innrullerast i eventuelle statlege overføringar innan pleie- og omsorgssektoren.

- 2. Alle tilsette i turnus får lokalt helgetillegg på kr. 50,- pr. time.**

Årleg kostnad: kr. 1.850.000,-

- 3. Det vert innført betalt lunch for alle tilsette i pleie- og omsorgstenesta og barnehagane.**
Iversettingsdato vert 01.01.24
Årleg kostnad: kr. 1.130.000,-

- 4. I økonomiplansamanheng skal det leggjast fram kva kostnader det vil vere for at pleieassistentar fordelt i heimetenesta, sjukeheim og MBA kan få eit lokalt tillegg på inntil kr 10 000 for 100 % stilling fom 01.01.24**

049/2023: Sentrumutvikling Sandnes

Rådmannen sitt framlegg:

- Masfjorden Kommune gjer eit prinsippvedtak om å løyve inntil 5 mill.kr. for opparbeiding/ tilrettelegging for næringsareal i det område som er sett av i plan for Storeskjeret, som inkluderer vatn / avlaup / straum / areal for drivstofftankar i grunn / gangveg / asfaltering / lys / etc., under føresetnad at prosjektet vert realisert/fullfinansiert som følgje kommunal medverknad og at tiltaket er komme i gong innan 31.12.23.
- Finansiering frå kommune si side tenkjer ein kan vere ei fordeling mellom,
 - investering knytt til VA område med kr. 1.650.000.,
 - bruk av disposisjonsfond kr. 1.850.000 og
 - bruk av kraftfondet med 1,5 mill.kr.

11.09.2023 FORMANNSKAPET

Torill Torsvik Størkersen (Ap) spør om ho er ugild i saka sidan søstera sit i næringselskapet som skal bygge butikken. Det vart samrøystes (4 røyster) vedteke at Størkersen er ugild i denne saka og ho forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om at prinsippet for sal av næringsareal skal følge tidlegare praksis.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til endring i siste del av kulepkt 1:

[...] og at tiltaket er komme i gong innan 31.05.24.

Framlegg til vedtak men endringa jobba fram i møtet vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - 074/2023 VEDTAK:

- Masfjorden Kommune gjer eit prinsippvedtak om å løyve inntil 5 mill.kr. for opparbeiding/ tilrettelegging for næringsareal i det område som er sett av i plan for Storeskjeret, som inkluderer vatn / avlaup / straum / areal for drivstofftankar i grunn / gangveg / asfaltering / lys / etc., under føresetnad at prosjektet vert realisert/fullfinansiert som følgje kommunal medverknad og at tiltaket er komme i gong innan 31.05.24.
- Finansiering frå kommune si side tenkjer ein kan vere ei fordeling mellom,
 - investering knytt til VA område med kr. 1.650.000.,
 - bruk av disposisjonsfond kr. 1.850.000 og
 - bruk av kraftfondet med 1,5 mill.kr.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Habiliteten til Torill Torsvik Størkersen (Ap), Astrid Daae (H) og John Torsvik (H) vart vurdert. Sidan dette er ei prinsippsak kring kommunal medfinansiering, og kor ein ikkje tek stilling til involvering frå andre selskap, detter kjem ein evt. attende til i seinare saker, vart alle vurdert til å vere habile til å vere med på denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 049/2023 VEDTAK:

- **Masfjorden Kommune gjer eit prinsippvedtak om å løyve inntil 5 mill.kr. for opparbeiding/ tilrettelegging for næringsareal i det område som er sett av i plan for Storeskjeret, som inkluderer vatn / avlaup / straum / areal for drivstofftankar i grunn / gangveg / asfaltering / lys / etc., under føresetnad at prosjektet vert realisert/fullfinansiert som følgje kommunal medverknad og at tiltaket er komme i gong innan 31.05.24.**

 - **Finansiering frå kommune si side tenkjer ein kan vere ei fordeling mellom,**
 - **investering knytt til VA område med kr. 1.650.000.,**
 - **bruk av disposisjonsfond kr. 1.850.000 og**
 - **bruk av kraftfondet med 1,5 mill.kr.**
-

050/2023: Sal av bustadtomter i Ytre Haugsdal bustadfelt

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret sluttar seg til prisfastsettinga som er gjort av tomtene i Ytre Haugsdal bustadfelt, vist i tabellen i saksframlegget. Følgjande prinsipp vert lagt til grunn for salet:

- Sal av tomtene (med unnatak av tomt 4 og 5) skal i første salsomgang skje samstundes, med bindande påmelding. Dersom fleire vil kjøpe same tomte, skal det skje ei loddtrekning med vitner til stades. Seinare vert tomter seld etter prinsippet «først til mølla».
- Privatpersonar skal ha fortrinnsrett til alle tomter med unnatak av tomt 4 og tomt 5, som skal seljast samla til aktuell utbyggjar. Desse tomtene skal seljast så snart det er praktisk mogeleg.
- Tomtene som er regulert til tomannsbustader (tomt 6 og 7) skal seljast med klausul om at det skal byggjast fleirmannsbustader på tomtene.
- Alle tomtene skal seljast med klausul om at det skal oppførast bustad i løpet av 3 år, og at kommunen då får rett til å kjøpa tomte attende til same pris. Kommunen skal og ha forkjopsrett ved sal til same pris om tomte vert seld.

28.08.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 063/2023 VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til prisfastsettinga som er gjort av tomtene i Ytre Haugsdal bustadfelt, vist i tabellen i saksframlegget. Følgjande prinsipp vert lagt til grunn for salet:

- Sal av tomtene (med unnatak av tomt 4 og 5) skal i første salsomgang skje samstundes, med bindande påmelding. Dersom fleire vil kjøpe same tomte, skal det skje ei loddtrekning med vitner til stades. Seinare vert tomter seld etter prinsippet «først til mølla».
- Privatpersonar skal ha fortrinnsrett til alle tomter med unnatak av tomt 4 og tomt 5, som skal seljast samla til aktuell utbyggjar. Desse tomtene skal seljast så snart det er praktisk mogeleg.
- Tomtene som er regulert til tomannsbustader (tomt 6 og 7) skal seljast med klausul om at det skal byggjast fleirmannsbustader på tomtene.
- Alle tomtene skal seljast med klausul om at det skal oppførast bustad i løpet av 3 år, og at kommunen då får rett til å kjøpa tomte attende til same pris. Kommunen skal og ha forkjopsrett ved sal til same pris om tomte vert seld.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 050/2023 VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til prisfastsettinga som er gjort av tomtene i Ytre Haugsdal bustadfelt, vist i tabellen i saksframlegget. Følgjande prinsipp vert lagt til grunn for salet:

- **Sal av tomtene (med unntak av tomt 4 og 5) skal i første salsomgang skje samstundes, med bindande påmelding. Dersom fleire vil kjøpe same tomte, skal det skje ei loddtrekning med vitner til stades. Seinare vert tomter seld etter prinsippet «først til mølla».**
 - **Privatpersonar skal ha fortrinnsrett til alle tomter med unntak av tomt 4 og tomt 5, som skal seljast samla til aktuell utbyggjar. Desse tomtene skal seljast så snart det er praktisk mogeleg.**
 - **Tomtene som er regulert til tomannsbustader (tomt 6 og 7) skal seljast med klausul om at det skal byggjast fleirmannsbustader på tomtene.**
 - **Alle tomtene skal seljast med klausul om at det skal oppførast bustad i løpet av 3 år, og at kommunen då får rett til å kjøpa tomte attende til same pris. Kommunen skal og ha forkjøpsrett ved sal til same pris om tomte vert seld.**
-

051/2023: Etske retningslinjer, rullering og oppdatering

Rådmannen sitt framlegg:

Etske retningslinjer for Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i sakstilfanget.

28.08.2023 ARBEIDSMILJØUTVALET

AM - 017/2023 VEDTAK:

Etske retningslinjer for Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i sakstilfanget.

11.09.2023 ADMINISTRASJONSUTVALET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til formannskapet.

AU - 019/2023 VEDTAK:

Etske retningslinjer for Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i sakstilfanget.

11.09.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 069/2023 VEDTAK:

Etske retningslinjer for Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i sakstilfanget.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 051/2023 VEDTAK:

Etske retningslinjer for Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i sakstilfanget.

052/2023: Rutine for varsling

Rådmannen sitt framlegg:

Rutinar for varsling i Masfjorden kommune vert godkjent i samsvar med saksvedlegget

28.08.2023 ARBEIDSMILJØUTVALET

Spørsmål om kvalitetssystemet fungerer som det skal. Mellom anna om rutiner og saksgang ved handsaming og lukking varsel, og om den som skal handsame eit varsel kan redigere varselet i kvalitetssystemet.

AM - 018/2023 VEDTAK:

Rutinar for varsling i Masfjorden kommune vert godkjent i samsvar med saksvedlegget

11.09.2023 ADMINISTRASJONSUTVALET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til formannskapet.

AU - 021/2023 VEDTAK:

Rutinar for varsling i Masfjorden kommune vert godkjent i samsvar med saksvedlegget

11.09.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 068/2023 VEDTAK:

Rutinar for varsling i Masfjorden kommune vert godkjent i samsvar med saksvedlegget

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 052/2023 VEDTAK:

Rutinar for varsling i Masfjorden kommune vert godkjent i samsvar med saksvedlegget

053/2023: Utarbeiding av frivilligstrategi i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune utarbeider frivilligstrategi i samarbeid med rådgjevande organ og gjennom dialogmøte med frivillige.
2. Frivilligstrategien for Masfjorden kommune skal godkjennast av kommunestyret.

11.09.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 073/2023 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune utarbeider frivilligstrategi i samarbeid med rådgjevande organ og gjennom dialogmøte med frivillige.
2. Frivilligstrategien for Masfjorden kommune skal godkjennast av kommunestyret.

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Frivillig koordinator / dagleg leiar i Masfjorden Frivilligsentral Kristin Kvarme Rasch orienterte litt om saka og status kring arbeidet med frivilligsentralen i Masfjorden.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 053/2023 VEDTAK:

1. **Masfjorden kommune utarbeider frivilligstrategi i samarbeid med rådgjevande organ og gjennom dialogmøte med frivillige.**
 2. **Frivilligstrategien for Masfjorden kommune skal godkjennast av kommunestyret.**
-

054/2023: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

18.09.2023 KOMMUNESTYRET

Referatsaker:

Skriv: Oversending - Masfjorden kommune - budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 054/2023 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 18.09.23 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Wenche Då
kommunestyremedlem

Ragnvald Tangedal
kommunestyremedlem